

# Musea i Sogn og Fjordane

## Styremøte

Dato: Tysdag 06.09.2016

Tid: Kl. 11:00

Stad: Vågsberget Handelsstad, Vågsøy

(<http://www.kyst.museum.no/vaagsberget>)

### MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, , Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø og Olve Grotle .  
Hanne B. Oftedal kunne ikkje møte, Anders Ryssdal møtte som vara. Laura Kvamme  
kunne ikkje møte, Erland Fagermoen var kalla inn som vara men møtte ikkje.

Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad

Referent: Inge Bent Arnestad

### SAKLISTE:

- 23/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste
- 24/2016: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 14.06.2016
- 25/2016: Orienteringar
- 26/2016: «Kløften» - magasin og museumsbygg til Sunnfjord Museum
- 27/2016: Evaluering av styreinstruks
- 28/2016: Evaluering av styret og leing i MiSF
- 29/2016: Ymse

#### SAK 23/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Innkalling og sakliste vert godkjend**

*Vedtak:*  
**Innkalling og sakliste vert godkjent**  
Samrøystes

#### SAK 24/2016: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 14.06.2016.

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Protokoll frå styremøte 14.06.2016 vert godkjend**

*Vedtak:*  
**Protokoll frå styremøtet 14.06.2016 vert godkjent**  
Samrøystes

## SAK 25/2016: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

*Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 30.06.2016.*

- **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 30.06.2016</u>	<u>Fordeling</u>	<u>korttid</u>	<u>langtid</u>
Eigenmelding	0,52 %		0,52%	0,00%
Sjukemelding	1,43 %		0,25%	1,18%
Borns sjukdom	0,09 %		0,09%	0,00%
<b>Totalfråvær</b>	<b>2,05 %</b>			

- **HMS – Internkontroll - Personale:**

### Vernerundar

Alle vernerundar er no lagt inn i felles dataprogram Vergo, slik at dette kan nyttast aktivt av verneombod. Det kan takast ut rapportar med omfang, fristar og om avvik vert lukka.

### Internkontrollhandbok

Denne vert no lagt digitalt i same programvare på alle avdelingane. Målet er at dette arbeidet skal vers slutført i løpet av hausten.

Felles sikringsplanar for alle avdelingane vert vurdert. Gjeldande sikringsplanar vert oppdaterte i samband med revisjon av Internkontrollhandboka.

### Elektronisk timeregistrering:

Vi arbeider no med å innføre eit felles tidsregistreringssystem for alle tilsette.

Her skal ein registrere timar, overtid/tillegg, ferie og anna fråvær, søkje om bruk av fleksitid med meir.

### Revisjon av Personal- og lønshandbok og Livsfaseplan

Den gjeldande handboka vart utarbeidd i 2013, og den er no moden for revisjon.

Arbeidsmiljølova er revidert, det har og vore tariffrevisjonar i landsoverenskomsten.

### Kompetansekartlegging

Det er tenkt å starte kompetansekartlegging i MISF løpet av haust 2016. Dette skal vere eit reiskap til å få oppdatert oversikt over kva kompetanse dei tilsette ved MISF har.

### Etablering av AMU-utval

Den 26.04.2016 var det halde konstituerande møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ved MISF.

Av saker som vart vedtekne på dette møtet var mål for arbeidet med «Inkluderande arbeidsliv» ved MISF som for 2016 er eit maksimalt totalfråvær på 1,5 %.

- **Besøkstal 2016**

Samanlikna med tal for juli 2015, har vi reelt sett ein auke i besøkstalet frå 30.370 til 35.501, som gjev ein auke på 5.131 besøkande. Desse tala inkludere ikkje Norsk Villakssenter som vi hadde driftsansvar for i 2015. Vi har her trekt ifrå eit estimat på besøkande på Sogn Kunstsenter (261 pers). Tek vi derimot med besøkstala for Norsk Villakssenter har vi ein nedgang frå 40.080 til 35.516 besøkande.

DHS-SF har hatt ein god sommarsesong med mykje grupper samanlikna med det dei har hatt dei siste åra. Norsk Reiselivsmuseum har hatt lågare besøkstal enn forventa, mykje av årsaka er at opninga var seint bestemt slik at det ikkje var muleg å komme inn på programmet til turoperatørane for 216 sesongen.

Sunnfjord Museum har og ein del grupper i sommar, og har fått ein liten auke.

Norsk Kvernsteinsenter har hatt ein liten nedgang i grupper, men gode besøkstal elles og rekne med at dei får ein auke med korrigeringar i august.

På Nordfjord Folkemuseum var besøkstalet i 2015 uvanleg høgt grunna vandreutstillinga Kystgeita til Selje. Arrangement og aktiviteter er elles er fordelt meir utover året, som ein vil sjå på besøkstalet for august.

Kystmuseet har ein liten nedgang grunna lite cruisebåtar i Florø, véret og betongarbeidet har og påverka besøkstalet noko.

For Sogn og Fjordane Kunstmuseum har det vore variasjoner frå avdeling til avdeling, men Astruptunet og Eikaasgalleriet har i år ein auke, og dei andre ein liten nedgang.

#### ***Vedlegg: Spesifisert besøksstatistikk 07/2016***

- **Status Måløyraidsenteret**

Stiftinga planla jubileumsmarkering/opning 4/6 2016, no utsett inntil eit år.  
Finansiering av drift ikkje avklart.

*Fylkestinget vedtok i FT-sak 21/16 Tertialrapport 1/16 følgjande:*

*«Det vert løyv 0,8 millionar i investeringsstøtte til realisering av Måløyraidsenteret, bufferfondet vert redusert tilsvarande. Ein føresetnad for løyvinga er at det ikkje medfører krav om driftsmidlar frå Fylkeskommunen til senteret»*

MiSF arbeidet no med kartlegging av status for byggeprosjektet (Heradsheim), kartlegging og kvalitetssikring av innhald og utstillingar. Dette arbeidet vert ein del av grunnlaget for endeleg vurdering av ei mogeleg konsolidering med MiSF. Grunna nemnde utsetjing vil ikkje dette arbeidet verte slutført før fyrste halvår 2017. Dersom det fylkeskommunale vedtaket om framtidig driftstilskot vert ståande, vil ikkje drifta av Måløyraidsenteret vere fullfinansiert, noko som er ein føresetnad i gjeldande intensjonsavtale med MiSF.

- **Status Ramstad Eskefabrikk**

MiSF arbeider no med å kartlegge bygningsteknisk stand på Ramstad Eskefabrikk. Eventuelle feil og manglar vert ein del av det endelege forhandlingsprosessen som etter planen startar i september.

Alle avdelingane i MiSF arbeider no med å kartlegge gjeldande magasinbehov som grunnlag for det vidare planleggingsarbeidet. Behov for nærmagasing, spesialmagasin og kontorfasilitetar skal utgreiast om realisering av «Kløften». MiSF vil setje ned ei gruppe som skal utarbeide planar for ombygging av bygget til mottak og framtidig magasin.

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

***Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane***

- **Status avtale med kunstnarorganisasjonane**

*Etter førespurnad frå Arild Hartman Eriksen orienterte direktør om status for arbeidet med samarbeidsavtale mellom kunstnarorganisasjonane og MiSF i samband med søknad om fusjon med Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Revidert avtaleutkast er klart til utsending til kunstorganisasjonane.*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Orienteringane vert tatt til vitande**

*Vedtak:*  
**Orienteringane vert tatt til vitande**  
Samrøystes

**SAK 26/2016: «KLØFTEN» - MAGASIN OG MUSEUMSBYGG TIL SUNNFJORD MUSEUM**

**Saksansvarleg:**  
Inge Bent Arnestad

**Saksutgreiing:**  
Viser til sak 13/2016 Orienteringar, og vedtak i sak 16/2016 og 21/2016.  
Sogn og Fjordane fylkeskommune har saman med Førde kommune vedteke å sett av midlar til det vidare arbeide for ei endeleg avklaring om realisering av «Kløften».

Sogn og Fjordane fylkeskommunen har som målsetjinga å sende ein søknad om statlege investeringsmidlar til kulturdepartementet innan 1. mars 2017.

Fylkeskommunen har i den samanheng bede administrasjonen i MiSF om snarast å melde tilbake vurdert arealbehov (før 29.09.2016) i samband med revisjon av søknad om investeringsmidlar til prosjekt «Kløften».

Vurderingar omkring areal vil normalt sett vere den viktigaste faktoren i samband med berekningar av totalkostnaden for det samla søknadsprosjektet.

Ynskjer ein å oppretthalde dei arkitektoniske/bygningsmessige kvalitetane i «Kløften» og ha tilstrekkeleg arealet til utstillingar og museumsaktivitet ved avdelinga i Movika, bør ein i utgangspunktet ikkje endre på denne delen i vesentleg grad (takthøgde/lende/bredde). Forholdet mellom areal til nærmagasin/spesialmagasin og magasin for båtar, store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og- maskiner, gjenstandsmottak og arbeidsplassar til samlingsforvaltarar og administrasjon må vurderast i forhold til eksisterande og alternative lokal (Ramstad Eskefabrikk) i samband med eventuelle kostnadsreducerande tiltak.

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Sogn og Fjordane fylkeskommune har bede administrasjonen i MiSF om å vurdere framtidig arealbehov i samband med revisjon av prosjektet «Kløften».**

**Direktør får ut frå ei samla drifts- og museumsfagleg vurdering, fullmakt til å vurdere framtidig arealbehov i «Kløften» som grunnlag for fylkeskommunen sitt vidare arbeid fram mot endeleg søknad om statleg investeringstilskot.**

*Vedtak:*

**Sogn og Fjordane fylkeskommune har bede administrasjonen i MiSF om å vurdere framtidig arealbehov i samband med revisjon av prosjektet «Kløften».**

**Direktør får ut frå ei samla drifts- og museumsfagleg vurdering, fullmakt til å vurdere framtidig arealbehov i «Kløften» som grunnlag for fylkeskommunen sitt vidare arbeid fram mot endeleg søknad om statleg investeringstilskot.**

**Styreleiar skal konsulterast dersom det blir aktuelt å ta bort lokale for fellesadministrasjonen som vurdere om det er aktuelt å legge spørsmålet fram for styret.**

Samrøystes

**SAK 27/2016: EVALUERING AV STYREINSTRUKS**

**Saksansvarleg:**

Harry Mowatt

**Saksutgreiing:**

Styret evaluerer MiSF sin gjeldande styreinstruks

**Vedlegg:** *Styreinstruks, vedteken 14.06.2010.*

*Styreleiar sitt framlegg til vedtak:*

**Evalueringa vert utsett til neste styremøte**

*Vedtak:*

**Evalueringa vert utsett til neste styremøte**

Samrøystes

**SAK 28/2016: EVALUERING AV STYRET OG LEIINGA I MISF**

**Saksansvarleg:**

Harry Mowatt

**Saksutgreiing:**

Styret evaluerer eige og administrasjonen sitt arbeid.

**Vedlegg:** *Evalueringsskjema styre og administrasjon  
(felles skjema)*

*Styreleiar sitt framlegg til vedtak:*

**Evalueringa vert utsett til neste styremøte**

*Vedtak:*

**Evalueringa vert utsett til neste styremøte**

Samrøystes

**SAK 29/2016: YMSE**

---

Harry Mowatt  
Styreleiar

---

Olve Grotle  
Styremedlem

---

Arild Hartmann Eriksen  
Styremedlem

---

Steinar Evebø  
Styremedlem

---

Ingrid Norum  
Styremedlem

---

Anders Ryssdal  
Varamedlem

---

Inge Bent Arnestad  
Direktør